



- 2007 har vore eit fint år i lag med borna for Uskedalen Unge Røyster. Det er ein glede å vera med i arbeidet. Godt å sjå at den negative trenden med få på samlingane vart snudd på berre eit halvt år. Dette skriv Linda Tvedt i ein årsrapport som er ein del av søknaden om kommunal driftsstønad for 2008

Talet på born var sterkt redusert sist vår, det var berre 2-4 i snitt og antal leiarar gjekk ned. Etter sommaren vart Monica Hjelmeland med som leiar og Kathrine Miljeteig som hjelpeleiar. Dei eldre borna har byrja å koma att og no er det ei gruppe frå eitt til 12 år.

I søknaden vert det opplyst at det er 18 aktive medlemmer under 18 år og fire leiarar.

Ved siste årsskifte hadde dei 11.711 kroner i banken og planlegg leirdeltaking og innkjøp av hobbymateriell og bøker. Dei skal vera med i lagsweekend på Solgry i Sveio.

Dei største postane på inntektssida er kommunalt tilskot, frifondsmidlar og tilskot frå soknerådet. I 2007 var inntektene 9.300 og utgiftene 8.055 kroner.

Av Ola Matti Mathisen